

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr. til nr.36

Herad: Støren.

Emne: Helsing, Fakter åtferd.

Bygdelag: Haukdal.

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal.

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr.3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Kari J. Hugdal, 65 år. Haukdal, husmor.

## SVAR

1. Ein uttrykker "ja" og "nei" ved å nikka eller ~~ri~~ri<sup>sta</sup> på hovudet.

2. Som oftast helsa ein og helsar på folk ein møtte/møter anten ein kjende dei eller ikkje.

3. Vanlegvis skulle den yngre helsa den eldre først.

4. Ein helsa med god dag, god kveld eller god morn. Det var det same både for menn, kvinner og born.

5. Frå gammalt var det slik at dei alltid tok av seg hatten for dei store. Det galdt presten som gjerne var som ein småkonge i bygdene. Like eins var det med fauten og i nokon mun med lensmannen.

Ein tok aldri av seg hatten om ein møtte grannar eller slektningar. Heller ikkje om ein møtte framande.

Storbønder eller brukseigarar har ein ikkje hatt her.

6. Nokon ser måte å halda hatt eller huve på veit ein ikkje av.

7. Ein helsa på same måten anten ein hadde helge- eller kvardagsklede på.

8. Ein handhelsa på husfolka når det var gjestebod som brudlaup eller gravferd, men ein helsa ikkje på alle då det oftast ville ta for lang tid og ville gjeva for mykje rot i dei ofte små stovene.

Når ein kom på vitjing handhelsa ein berre på dei vaksne i huslyden.

9. Det har ikkje vori vanleg å klappa kvar andre på aksla som uttrykk for venskap eller glede. Ein veit døme på slike klapp, men det har vori sladderkjerringklapp. Mange av dei bruka ein slik klapp når dei fortalde noko sers lekkert. Dei kunne slutta replikken noko slik: "Ja skulle du ha hørt det var," og så klappa dei.

10. Ein veit ikkje døme på at mennene tok av seg hatten når dei hørde kyrkjeklokkone. Grenda ligg elles så langt kyrkja at ein sjeldan høyrer klokkone hit.

11. Når ein møtte likfylgje stogga ein og tok hatten av.

12. Ein veit ikkje døme på at det vart helsa på dyr

7724

4577



2.  
eller på ting.

13. Ein helsa gomorn når ein råkast like etter at ein var stått opp, god dag frå ikring 12 tida. God middag har ein aldri bruka som helsing. Heller ikkje god efta. Helsinga god kveld retta seg mykje etter årstida. Om vinteren vart det helsa god kveld så snart det tok til å skyma, og om sommaren kunne det verta helsa god da g til langt på natt. God natt vart bruka etter klokka sju, og berre som avskilshelsing..

14. Ein ser ikkje ei helsing som usømeleg, men ein tykkjer nok det er rart å høyra helsinga "morn" verta bruka om kvelden.

15. Ein har ingen sersvar ved slike høve.

16. I dag kan ein høyra "morn" verta nytta døgeret rundt. Ein tek det ikkje så nøye i dag.

17. I gammal tid helsa ein alltid "Guds fred" Og ein nyttar framleies helsinga "sign arbeidet, sign strevet, sign kvilet, sign laget, og sign maten.

18. I gammal tid var det vanleg å bruka orda "Gu segn de" Like til for 30 år sidan var det gamle folk som bruka desse orda. Det var serleg til born dei sa dei. Borna kunne få noko sukkerty av dei, og når så bron kom med handa og takka då sa dei gamle "Gu segn de"

19. Her har det aldri vori bruka å ta opp att helsinga når ein kom inn saman med den som hadde teki imot ute dersom det ikkje var andre av huslyden inne som ein ikkje hadde helsa før.

20. Skulle nokon tala ålzeine med husfaren sa dei berre ifrå om at dei gjerne ville tala med han, og så vart han med med ut.

21. Før i tida banka ein aldri på døra før ein gjekk inn. I dag òg er det somme som ikkje bankar på døra, men dei fleste gjer det.

22. Dei som var inne svara "kom inn" og den som kom gav seg god tid med å opna døra. Det vart helsa på vanleg måte.

23. Det vart halde for god folkeskikk å stå ved døra til ein vart beden om å sitja.

24. Ein tok av seg huva straks ein kom inn.

25. "Du må sett deg innpå," sa dei som var inne.

26. Ein gjorde ingen skilnad på kven det var.

27. Framande vart helsa like eins som andre.

28. Nokon serseremoni for framande er ikkje kjend. Ein veit ikkje dømme på at det vart turka av stolen for dei.

29. Innbedne gjestar vart helsa velkomne med handhelsing.



30. Ved kvardagslege vitjingar sa dei ikkje noko til farvel.

31. a) Ved avskil føre ei lengre reise vart det sagt: Dokk fæ hå det så bra, og dei som vart att svara då: I li-ke måte, og god tur.

b) Meinte ein at det var ei siste helsing t.d. ved ferd til Amerika vart det sagt: Du får hå god tur og hå det bra dit du kjem. Den som skulle fara svara: Takk, dokk fæ hå det bra dokk som bi att - det æ fel itt sekkert at me treffes mer.

32. Kyss til avskil har ein ikkje bruka her.

33. Kyss var helst vanleg mellom hugteken ungdom.

34. Seruttrykk for kyss har ein ikkje hatt.

35. Kyss på handa er ukjend.

36. Ukjend.

37. Ukjend.

38. Ein bed ikkje småborn kyssa nokon lenger, men det har vori bruka somme tider. Det er då serleg sysken og beste-foreldre.

39. Å byte nase har vori vanleg moro med småborn.

40. Byte nase kunne alle som tok barnet i fanget gjera.

41. Ein bruka ofte å stela nasen til barnet ved å knipsa med fingrane. Ein bruka då å ta nasetippen mellom peke- og tommelfingeren. Etterpå stakk ein tommelfingeren fram mellom peike- og langfingeren og synte det fram til barnet. "Sjå her har eg nasen din, og sa sanneleg har det voski neggel på han - og så svart som han er."

42. Godkjek er velkjend her. Det vart bruka som kjærteikn, og ein brukar det framleies.

43. Det vart bruka både mellom foreldre og born og mellom vaksen ungdom.

44. "Til lukke" vart nytta ved brudlaup og konfirmasjon.

45. Til jul sa ein "godt jul" til nyår sa ein "godt nyår" og same helsingmåte vart nytta til påske og pünse. Ved truloving og brudlaup sa ein "Gratulerarø" eller "til lukke"

46. Ved dødsfall sa ein ingen ting i gammal tid. Heller ikkje ved motgang.

47.-

48. Ved uttakking på gravferdsdagen bruka han som takka ut å takka frå slekt og vener og å seia farvel frå dei som sat att i sorg og saknad.

49. Å syna vanvyrndad for nokon ved fakter er velkjend. Det har vori nemnd einskilde kjerringar som var sers



gode til det. Dei hadde fleire måtar å gjera det på. Anten gjorde dei lang nase eller geipa, men var det nokon dei ville syna serleg stor vanvyrnad så drog dei stakken opp og klappa seg på ~~halsen~~ blanke baken. Kjerringane hadde ikkje bukse på i den tida.

50. Her seier folket vanlegvis du til alle. Det er berre dei som har vori ute litte grann som seier "De" til ukjende.

51. Ein seier aldri han eller ho i staden for andre tiltaleord til nokon.

-"-

Tilleggsliste til nr. 36, Helsing, Fakter, Åtferd.

*er avskrevet.*

Måter å refsja folk på.

A. Ved ymse høve.

1. Slike ting er ikkje kjende her.

2. Ukjend her. Langfredagsris er det einaste ein har høyrd gjeti.

3. Det som er nemnd her har ein ingen tradisjonar om. Ungdomen kunne fara omkring med julegeita, men noko anna veit ein ikkje av.

B. Ved å setja namn på folk.

4. Det var vanleg skikk at ingen måtte gå på vitjing 1. juledag. Dei som like vel gjorde det vart kalla "julbuk og julgeit"

5. Dei som ikkje fekk noko nytt til jul skulle sitja på hoggestabben attmed julebordet og elles om julekvelden.

6. Ein veit ikkje av noko om dette punktet.

Jens Haukdal.

4577